


# Planinitiativ

Gnr. 79 bnr. 47, 53, 54 m. fl. Endring av detaljreguleringsplan for Skipavika næringspark, planID 2012005.



Bergen, 01.06.2023

**TIPPETUE**  
ARKITEKTER AS

## Innhold

Bakgrunn .....	1
Formålet med planen .....	2
Gjeldande plansituasjon og føringar .....	2
Planområdet og omgjevnadane .....	5
Om plantiltaket.....	8
Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar.....	11
Vesentlege interesse og varsling av planarbeid.....	12
Samfunnsikkerheit.....	13
Medverknad og samarbeid.....	14
Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing. ....	15

## Bakgrunn

Tippetue Arkitekter as vil på vegne av forslagsstillar Skipavika Næringspark As fremje privat planinitiativ og anmode om oppstartsmøte for endring av Detaljreguleringsplan for Skipavika Næringspark, planID 2012005.

Gjeldande reguleringsplan vart vedtatt og godkjent i 2018 etter ei utviding av den opphavlege planen frå 2013. Sida då er det mykje som har endra seg både teknologisk og marknadsmessig og som har resultert i eit behov for å endre reguleringsplanen.

Planendringa vil medføre endring av arealformål, omsynssoner og føresegner, og har som hensikt å legge til rette for eit ammoniakkanlegg i tillegg til å vidareføre intensjonane i den gjeldande reguleringsplanen. Den overordna tanken om ei maritim klynge, eksisterande tiltak og aktivitet som eksempelvis service- og vedlikehaldsaktivitet skal derfor vidareførast saman med planar om eit landbasert oppdrettsanlegg.

Planinitiativet vurderer ikkje tiltak som er avklara i gjeldande plan, som eksempelvis det landbaserte oppdrettsanlegget. Ergo er hovudfokuset på ammoniakkanlegget då storulykkesverksemd ikkje er del av gjeldande plan.

Planinitiativet er forankra i kommunestyrevedtak den 23.03.2023 i sak 015/23 om at Gulen kommune stiller seg positiv til å handsame eit planinitiativ om å etablering av ammoniakfabrikk i Skipavika Næringspark.

Fagkyndig / plankonsulent for planarbeidet er Tippetue Arkitekter As. Kontaktperson, e-post: [ingvill@tippetue.no](mailto:ingvill@tippetue.no). Forslagsstillar: Skipavika Næringspark As v/Lars Hellandsjø.

## Formålet med planen

(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav a)

Formålet med planen er å endre gjeldande reguleringsplan for å legge til rette for framtidsetta og aktuell arealbruk i plan- og industriområdet, og for å kunne legge til rette for verksemd som fell inn under storulykkesforskrifta.

Konkret er det snakk om å legge til rette for produksjon av grøn ammoniakk, og å endre/omforme plangrepet slik at industriområdet får ei mest mogleg hensiktsmessig utforming for planlagt industri – aktivitet og for framtida, som maritim klynge.

Ammoniakanlegget skal produsere 100 000 tonn per år og vil bidra med inntil 150 arbeidsplassar i regionen totalt sett. Grøn ammoniakk (NH<sub>3</sub>) vert produsert frå grøn hydrogen laga av elektrolyse av vatn og fornybar straum, som vert tilført nitrogen N<sub>3</sub> frå luft. Ammoniakk er klassifisert som eit farleg stoff og anlegget kjem derfor inn under storulykkesforskrifta og myndigheitsområdet til Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB). Samtykke frå Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap skal føreligge uavhengig av behandling etter plan- og bygningslova. Prosessen med DSB er satt i gang, og vert fylgt opp av Norconsult.

Det landbaserte oppdrettsanlegget som låg til grunn for utviding av den opphavlege planen frå 2013 er framleis del av planarbeidet, og vert derfor vidareført som tiltak men med ei meir konkretisert og aktuell løysing. Det landbaserte oppdrettsanlegget med tilhøyrande dam/vassreservoar internt i planområdet er konsesjonsbehandla.

## Gjeldande plansituasjon og føringar

(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav g)

<b>Gjeldande kommuneplan, KPA 2012 – 2024.</b>	
<p>Kartutklipp frå KP, arealplan.</p> 	<p>Kommentar: Planarbeidet er i tråd med gjeldande kommuneplan. Tiltaksområdet er gitt arealformålet næring (sosikode 1300).</p> <p>Vest for industriområdet er det eit hamneareal for ei ventebøye, angitt med sirkel i kartutklippet. Spørsmål rundt denne er avklart i gjeldande reguleringsplan for Skipavika næringspark.</p> <p>Kommuneplanens arealdel er under rulling.</p>

### Samfunnsplan for Gulen kommune 2022 - 2034

1 av 4 utvalgte hovedmål:

«Gulen kommune skal bidra til å sikre framtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 – 2050.»

Arealstrategi:

Gulen kommune har etablerte industriområder som er viktig å satse vidare på. Arealkrevjande industri- og næringsutvikling skal difor i hovudsak skje i samband med eksisterande næringsområde. Ved å spele vidare på eksisterande industriområde dreg verksemdene nytte av innovative og viktige kompetansmiljø, samtidig som område for store naturinngrep vert avgrensa. På denne måten vil vi også avgrense konflikt / motstrid mellom føremåla sine ulike behov.

6.1: Mål næring og sysselsetting.

- Gulen kommune skal vere ein attraktiv vertskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv.

- Næringslivet skal vere variert og framtidretta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til.

6.2 strategi næring og sysselsetting. Utvalt punkt:

- Medverke til å utvikle eit framtidretta, berekraftig og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

Kommentar:


Planinitiativet bistår kommunen i å nå hovedmål, strategiar og andre mål i Gulen kommune sin samfunnsplan.

Opplisting til venstre er ikkje uttømmande, men eit utval av strategiar og mål.

Dei enkelte hovudmåla i samfunnsplanen svarer ut FN sine berekraftsmål.

### Gjeldande reguleringsplan, planID 2012005: Skipavika Næringspark.

Kartutklipp



Kommentar:

Ammoniakkelegga som verksemd fell inn under storulykkesforskrifta og DSB sitt forvaltningsområde. Jamfør § 1.8.2 i reguleringsføresegna er slik verksemd ikkje tillat. Det er med denne bakgrunn at planinitiativet vert fremja, blant anna.

Opphavleg plan for Skipavika Næringspark vedtatt i 2013 tillèt etablering av storulykkesverksemd innafor planområdet. Dette ut ifrå at føresegna ikkje spesifiserer at slik arealbruk ikkje er tillat, slik som gjeldande plan gjer. Den aktuelle føresegna i gjeldande plan vart tatt inn i forbindelse med at industriområde vart utvida, for å imøtekomme innspel frå Statsforvaltaren ( då Fylkesmannen) i siste fase før vedtak av godkjent plan.

Planinitiativet legg vidare opp til endring av plangrepet og med det ei omforming av arealformål og formålsgrenser. Dette for å sikre ein meir aktuell og framtidretta reguleringsplan for industriområdet og næringsparken, kommunen og regionen.

<b>Detaljplan for veg Skipavika – Brandangerbrua, planID 2013003.</b>	
Plankartet er ikkje tilgjengelig i planinnsyn eller norhordlandskart.no.	Planinitiativet vil ikkje få konsekvensar for vegen.

<b>Energi og Klimaplan, 2011 – 2015.</b>	
<p><b>Fokusområde</b> Arbeidet har resultert i følgjande fokusområde for Gulen kommune:</p> <p><b>Fokusområde 1: Gjennomføring</b> Energi- og klimaplanen sine mål og tiltak forpliktar Gulen kommune. For å sikre gjennomføring av planen lyt det setjast av tilstrekkelege ressursar.</p> <p><b>Fokusområde 2: Energibruk</b> Gulen kommune vil redusere samla energibruk, arbeide for auka energifleksibilitet og omlegging til nye fornybare energikjelder.</p> <p><b>Fokusområde 3: Klima og miljø</b> Gulen kommune vil arbeide for reduksjon av utslepp som er skadelege for klima eller lokalmiljø.</p> <p><b>Fokusområde 4: Haldningar</b> Gulen kommune vil arbeide for å påverke innbyggjarane sine haldningar og motivere til val av energieffektive tiltak og miljøvenlege løysingar.</p> <p><b>Fokusområde 5: Lokal energiproduksjon</b> Gulen kommune vil sikre ei planmessig utvikling av lokal energiproduksjon som tek omsyn til både klima, lokalmiljø og eigne innbyggjarar.</p>	<p>Utklipp frå klimaplan.</p> <p>Planinitiativet vil bidra til at Gulen kommune imøtekjem fokusområde 1 – 5 i kommunal klimaplan.</p>

<b>Andre relevante strategiar og retningslinjer, som planinitiativet stettar.</b>	
Nordhordaland UNESCO Biosfæreområde	Gulen kommune er ein del av og har forplikta seg til Nordhordaland UNESCO Biosfæreområde sine mål om grøn innovasjon og verdiskaping.
Grøn region bergensregionen	Gulen kommune er ein del av Grøn region bergensregionen der Skipavika Næringspark er del av region Fensfjordbassenget, som er 1 av 9 konsept med stort synergipotensiale, som bidrar til å nå både klimamål og å auke verdiskaping ved å ta del i kvarandre sine verdikjedar.
Regional plan for fornybar energi 2023 – 2035, høyringsforslag.	«For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå, inkludert på regionalt og lokalt nivå. Vestland set seg høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Vi er både modige og framoverlente. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling.»
Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033.	«Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.»

### Pågåande planarbeid

<b>Forslag til Kommuneplanen sin arealdel, 2020 – 2032.</b>	
Utklipp frå planskildring (til offentleg høyring):	Planinitiativet vil gi fleire og meir varierte arbeidsplassar, som kan bidra til å auke folketalet og å styrke kommunen som felles bu- og arbeidsområde. Økte

### 3.2.2. Industri

Frå møtet med industrien vart følgjande tema trekt fram:

- Kommunen må vere framtidssretta i planlegging av utvikling av industri og ha klar tilgjengelege industriområde når behovet melder seg. Utviklinga skjer fort og området rundt Sløvåg/Skipavika er unikt med tanke på lokalisering og nærleiken til Mongstad.
- Fare for framtidige kryssande næringsinteresser må vurderast.
- Bustad -treng bustadar for å tiltrekke oss pendlarar, men unngår plassering for nær industrien for å unngå konflikt. Ynskjer at det skal vere enklare å etablere seg utanfor dei fire bygdesentera. Folk må sjølve få kunne bestemme kvar dei ynskjer å bu. Fleire gjennomgangsbustadar ulike stader i kommunen.
- Ynskjer etablering av sykkel- og gangsti i område for ny bustadbygging. Strekninga Steine-Sløvåg vart nemnt spesielt.

Den nye arealplanen søker å imøtekomme behova ved å trekke grensene for industriområdet lenger nord i Brandangersundet. Dette området skal settast av til utvikling av liknande industri- og kaiverksemd som er der i dag, eller næring som kan verte ein naturleg del av eksisterande etablert verksemd. Dette for å unngå konflikt. Kommunen ynskjer også å etterkomme næringane sine ynskjer om å finne eit erstatningsareal for akvakulturområdet på Storeneset for å unngå næringskonflikt.

Gjennom dei nye bustadområda som vert lagt inn i planen, legg kommunen til rette for å etablere fleire bustadar, også gjennomgangsbustadar. Ynskje om at det skal verte enklare å etablere seg utanfor bygdesentera går imot overordna statlege planretningslinjer, men det er moglegheit for dette ved å nytte seg av eksisterande områder for LNF spreidd bustad.

*Forslag til plankart (arealdel) er ikkje offentleg tilgjengeleg.*

inntekter til kommunen vil bidra til å styrke både kommunale tilbod og kvalitet på kommunale tilbod.

Planinitiativet støttar opp under rammer og intensjonar som skildra i forslag til planskildring kap. 3.2.2 om industriutvikling, kap. 5.1.1 om klimaendringar som blant anna snakkar om skipsfart og reduksjon av CO<sub>2</sub> samt også kap. 8.3 som handlar om næringsutvikling, blant anna.

I tillegg kan det nemnast at Gulen kommune er deltakande i Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, som er under utarbeiding.

## Planområdet og omgjevnadane

*(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav g)*

**Forslag til planområdet** er 1 728261 m<sup>2</sup> og omfattar fylgjande eigedommar: g/bnr. 79/47, 79/53, 79/54, deler av 79/1, deler av 79/33 og deler av 79/36. Sjå vedlegg med forslag til planavgrensing samt også figur 1. Til informasjon har gjeldande reguleringsplan eit areal på 918 158 m<sup>2</sup>.

Planinitiativet har trong for eit større planområde på grunn av nødvendige fare-/sikkerheitssoner rundt ammoniakkanlegget. Foreslått planavgrensing tar høgde for eit konservativt estimat for faresoner rundt anlegget, gitt bruk av «full containment» - tankar.


Konkret er det tatt høgde for ein avstand på 550 meter for avgrensing av ytre faresone<sup>1</sup> frå kaianlegg / lastingspunkt. Figur 1 viser forslag til planavgrensing. I eit tilsvarende prosjekt men med nesten dobbel produksjonskapasitet, Iverson Project i Sauda<sup>2</sup> vart det innleiingsvis lagt til grunn ein sikkerheitsbuffer på 350 meter rundt heile anlegget. Dette til informasjon. Prinsipp for faresonene er illustrert i figur 7.

I tillegg legg vi fylgjande premiss til grunn:

- Omfang av ytre faresone / omsynssone etter plan- og bygningslova og forslag til planområde kan justerast fram til varsel om planoppstart.
- Planområdet kan bli redusert fram mot innsending til 1. gangs behandling når omfang av ytre fareområde er kjent.
- Berekning / modellering av eksakte sikkerheitssoner må skje i samband med søknadsprosessen mot DSB, og vil deretter bli implementert i planarbeidet og plandokumenta.

<sup>1</sup> Ytre faresone har restriksjonar på bruk for skolar, barnehagar, institusjonar, kjøpesenter, hotell og tilsvarende.

<sup>2</sup> [https://www.sauda.kommune.no/\\_f/p14/i83c931fd-e0a9-49c2-97bc-59c35c262bec/planprogram-iversonproject.pdf](https://www.sauda.kommune.no/_f/p14/i83c931fd-e0a9-49c2-97bc-59c35c262bec/planprogram-iversonproject.pdf)



Figur 1 Foreslått planområdet = svart omriss. Sirkler angir buffer på 550 meter rundt lastingspunkt ved kai (for ammoniakkanlegget). Grøn linje viser planområdet til gjeldende plan.

**Planområdet** er som nemnt regulert i Detaljreguleringsplan for Skipavika Næringspark, vedtatt i 2018 og er under opparbeiding og i drift. **Eksisterende tiltak** i planområdet er eit midlertidig oppført administrasjons- og kontorbygg (brakkebygg) med overnattingsmoglegheit tilknytt aktivitet innanfor industriområdet. Inne på industriområdet pågår aktivitet knytt til service av skip og riggar i tillegg til moglegheit for lagring og vedlikehald av utstyr samt uttak og bulksal av tilslagsmateriale.

Anleggsarbeidet for etablering av dam i tilknytning til det landbaserte oppdrettsanlegget er starta i samsvar med konsesjonsvedtak, og gjeldande reguleringsplan. Det landbaserte anlegget vil ikkje få vesentlege verknadar utover planområdet. Oppdemma vatn er synleg frå vegen men vil oppfattast som ein del av omliggande natur / blågrønstruktur. Dammen har konsesjon etter vassressurslova datert 03.06.2022 og er plassert i konsekvensklasse 0.

**Tilstøytane arealbruk** i nærområdet er som hovudsak eit større naturområde mot vest og nord samt Brandangersundet i øst og Fensfjorden lenger sør. Naturområdet er utmark og består i hovudsak an naturtypen kystlynghei. Her er også myrer, mindre vassdrag, bekkar og tjern. Terrenget er kupert og skrår oppover mot nordvest. Mellom industriområdet og naturområdet går Fv 4 frå / til Sverdhola / Skipavika.

Hestefjellet, Tverrfjellet, Svartefjellet og Sæterbotnsfjellet er tydelege landskapsveggar i bakkant av industriområdet. Landskapsrommet er vidt og ope. Dagens arealbruk i ei framtidig ytre faresone i Skipavika vil ikkje bli påverka av ammoniakkanlegget og kan derfor oppretthaldast som fylkesveg (fv4), naturområde og sjøareal / farlei / hamn. Sjå fig. 7 for skildring av kva for bruk / aktivitet ytre faresone ikkje kan / kan innehalde.

Den nærmaste bygda er Sande om lag 1 km vest for planområdet. Sande er ei lita landbruksbygg utan sensitiv arealbruk som skule, barnehage, sjukheim eller andre tilsvarande institusjonar og service funksjonar. Nærmaste barnehage og skule i Gulen kommune er på Byrknes, vel 1 mil i luftlinje frå industriområdet. Kommunesenteret er i Eivindvik, ca. 15 km i luftlinje frå Skipavika. Nærmaste skule er Kaland barne- og ungdomskule i Austrheim kommune, vel 5 km i luftlinje sørvest for industriområde og Mongstad. Sjå rådt omriss i figur 2.

På austsida av Brandangersundet finns Sløvåg ferjekai og Sløvåg industrihamn. På motsett side av Fensfjorden finns Leirvåg ferjekai og Mongstad industriområde. Sjå vedlagt kartgrunnlag til forenkla stadsanalyse (kart 1 og kart 2) samt også figur 2.



Figur 2 Avstandar frå ammoniakkanlegget til Sløvåg ferjekai, Sandebygda og Mongstad industriområde. Rødt omriss = Kaland barne og ungdomskule. Sjå også vedlagt kart.



## Om plantiltaket

(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav c, d og e)

Planinitiativet vidarefører hovudintensjonen i eksisterande reguleringsplan for Skipavika næringspark deriblant det landbaserte oppdrettsanlegget med dam/vassreservoar. Hovudintensjonen med planinitiativet er å legge til rette for etablering av eit grønt ammoniakkanlegg med nødvendig infrastruktur. Derfor fokuserer planinitiativet hovudsakleg på ammoniakkanlegget, som sett i samanheng med eksisterande plan er eit nytt tiltak.


Figur 3 under syner tentativ plassering for ammoniakkanlegget (ref. FUELLA) sør for tomta til oppdrettsanlegget (ref. Viking Aqua i illustrasjonen). Meir eksakt plassering av bygg / volum blir satt som del av planarbeidet.



Figur 3 Mogleg plassering av ammoniakkanlegget og oppdrettsanlegget som er under planlegging. Plassering av bygg og volum er foreløpig.

Ammoniakkanlegget består av prosessanlegg, rørgater, piper, fakkeltårn og lagringstankar samt kompressor-stasjon(ar) og anleggskai. Tilkomst frå sør, via hovudtilkomst inn på nærings- og industriområdet. Utskiping av ammoniakk via sjøvegen. Andre spesifikasjonar er som fylgjer:

Produksjonskapasitet	300 tonn pr. døgn / 100 000 tonn per år.
Lagringskapasitet	10.000 – 20.000 m <sup>3</sup> nedkjølt.
Ferskvasstilførsel	Oppdemma vassreservoar internt i planområdet. Søknad om dam er konsesjonsbehandla og godkjent i forbindelse med oppdrettsanlegget.
Kjøling	Sjøvatn. Djupne for inntak vert avklart i vidare prosess.
Kraftbehov / straumforsyning	130 MW pr. døgn, ca. 1.1 TWh/år. Forsyninga er sikra gjennom Statnett si planlagde utbygging.
Produksjonsprosess	Sjå figur 4 for illustrasjon.
Overskotsvarme og oksygen kan leverast til oppdrettsanlegget, som illustrert i fig. 6.	



Figur 4 Produksjonsprosess, grønn ammoniakk.

**Bygningsvolumet** til ammoniakkanlegget består primært av prosessanlegg, rørgater, tårn og piper samt lagringstankar. Det er vanskeleg å anslå eksakt byggehøgder for ammoniakkanlegget per no, men 60 meter for fakkeltårn og 35 meter for hovuddel av prosessanlegget er realistiske tall.



Figur 5 Foreløpig illustrasjon av ammoniakkanlegget.


For tiltak utover ammoniakkanlegget vil initiativet som hovudsak vidareføre byggehøgder i gjeldande reguleringsplan, men med moglegheit for justering dersom planarbeidet identifiserer behov for det.

### Funksjonell og miljømessig kvalitet

Ammoniakkproduktet skal fraktast vekk frå Skipavika i båt. Skipavika næringspark har gode hamneforhold med etablerte hamneaktivitet og djupvasskaier per i dag. Ammoniakkanlegget kan medføre endring av kaifront, og behov for nye kaier. Dette må vurderast nærmare i planarbeidet når prosjekteringsnivået er meir detaljert.

Ammoniakkproduktet vert kjølt ned og lagra i sikre tankar på staden, før utskipping. Tanktemperatur er  $-33\text{ }^{\circ}\text{C}$ . Foreløpige planar om utskipping er 2 gantar per månad.

Produksjonen vil generere overskotsvarme som kan nyttast av oppdrettsanlegget. Det same gjeld for rest-oksygen etter elektrolyse av vatn og spalting til hydrogen ( $\text{H}_2$ ) og oksygen ( $\text{O}_2$ ), ref. fig. 4 og 6.



Figur 6 Moglege synergieffektar mellom ammoniakkanlegget og oppdrettsanlegget. Her er potensiale for fleire positive synergieffektar internt i industriområdet og for industriell symbiose med andre industriområde i Fensfjordbassenget, som eksempelvis Mongstad.

Elles vil fylgjande premiss leggast til grunn for arbeidet:

- Støynivå skal ikkje overstige relevante grenseverdier.
- Utslepp til luft skal skje i samsvar med framtidige gitte løyver og gjeldande grenseverdier. Anlegget er luktfritt.
- Utslepp til vatn skal skje i samsvar med framtidige gitte løyver og gjeldande grenseverdier.
- Sjøinntak til skal skje i samsvar med framtidige gitte løyver og gjeldande grenseverdier.

Det er også vesentleg at Skipavika næringspark har ei strategisk plassering som 1 av 3 industriområde i Fensfjordbassenget, som er eit av 9 nøkkelområde for grøn omstilling og innovasjon i bergensregionen<sup>3</sup>. Avstand til Flesland / Bergen er ca. 100 kilometer. Relevant bo- og pendlarområde er Gulen kommune, Masfjorden kommune og deler av Alver kommune.

Vidare er det eit stort fortrinn at industriområdet allereie er regulert etter plan- og bygningslova og utgreia etter Forskrift om konsekvensvurdering. Kunnskapsgrunnlaget er derfor godt. At industriområdet har vore under etablering sidan 2013 er også eit stort fortrinn.

<sup>3</sup> [tps://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/gron-region-vestland/gron-region---regional-rapport-bergensregionen.pdf](https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/gron-region-vestland/gron-region---regional-rapport-bergensregionen.pdf)

## Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar.

*(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav f)*

Tiltaksområdet for ammoniakkanlegget er regulert i Reguleringsplan for Skipavika næringspark, planID 2012005. Industriområdet er under opparbeiding og dels i drift. Industriområdet har god avstand til bustadområde, institusjonar, skular og barnehagar og anna sensitiv arealbruk. Industriområdet grensar til sjø og naturområde / utmarksareal.

**Planinitiativet** vil få positiv ringverknad for klima og næringsutvikling i kommunen, og i regionen. Ferdig anlegg vil skape 50 nye kompetansearbeidsplassar i tillegg til ca. 100 arbeidsplassar i regionen totalt sett. Anlegget vil produsere 300 tonn utsleppsfri og luktfri ammoniakk per døgn på basis av vatn, luft og fornybar kraft. Ammoniakk er utgangsstoff for gjødselproduksjon og eit eigna drivstoff for framtidretta og utsleppsfri sjøfart. Grøn ammoniakk er derfor eit viktig satsingsområde for å nå klimamål. Anlegget i Skipavika kan gi CO<sub>2</sub> reduksjon tilsvarande 30 % av Bergen sitt årlege utslepp, dvs. ca. 240 000 tonn per år<sup>4</sup>.

Etablering av ei storulukkeverksemd har risikomoment som kan oppfattast som negative verknader. Som eit ledd i trygging av omgjevnadene skal ammoniakkanlegget planleggast med faresoner i samsvar med DSB sine krav om tredjepartsvurdering. Dette kan medføre nye avstandskrav for nærliggande aktivitet internt i planområdet og om relevant også utanfor planområdet. Derfor er det gunstig at industriområdet og ammoniakkanlegget hovudsakleg grensar til naturområde / utmark, og at nærmaste bygd er ca. 1 km vest for planområdet. Avstand til Sløvåg ferjekai på motsett side av Brandangersundet er i underkant av 2 km. Tilgrensande fylkesveg (Fv 4) langs industriområdet har låg trafikkmengd<sup>5</sup>, og er hovudsakleg nytta av folk som skal til / frå Sande eller til / frå industriområdet. Det meste av anleggstransporten til / frå Skipavika skjer via sjøvegen.

Planarbeidet medfører endring av visuell karakter pga. ny arealbruk med høgre bygg samt endra / justert plangrep. Tiltaket vil verte synleg frå sjøsida på lik linje med alle tiltak i industriområdet. Vidt landskapsrom samt stigande terreng i bakkant av produksjonsanlegget bidrar til å dempe eventuelle silhuettverknadar av tiltaket. Relieff og nivåforskjell mellom planert terreng og grønstruktur / vegetasjonsbelte i bakkant av anlegget vil også bidra til å dempe eksponeringsgrad og silhuettverknad. Høgdeforskjellen mellom planert terreng og bakanforliggende grønstruktur / vegetasjonsbelte er ca. 40 meter og tidvis meir. Av ammoniakkanlegget er det mest fakkeltårnet på 60 meter som vert synleg, også frå fylkesvegen langs industriområdet.

Planarbeidet vil sette av grønstruktur / vegetasjonsbelte langs fylkesvegen, som vil bidra ytterlegare til skjerming og landskapstilpassing. Utforming av skjeringskant vil også vere ein del av landskaps – tilpassinga, og vil bli vurdert nærmare i det vidare planarbeidet.

I forbindelse med pågåande etablering og opparbeiding av industriområdet er det tatt vare på jordsmonn. Denne jorda vil bli brukt i planområdet for opparbeiding og tilbakeføring av stadleg grønstruktur.

---

<sup>4</sup> Global avg. of 2.4t CO<sub>2</sub> per ton ammonia production: International Energy Agency, 2021. Planned production of 100'000 ton ammonia per year = 240'000t CO<sub>2</sub> avoided Bergen cities CO<sub>2</sub>-equivalent emissions in 2020 were 736'940 tons: Bergen Kommune, 2022.

<sup>5</sup> Vegkart.no opplyser ikkje om ÅDT då vegstrekninga er registrert som privat veg.

## Vesentlege interesse og varsling av planarbeid

(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav h og j)

Planinitiativet gjeld allereie regulert nærings-/industriareal, som er under etablering. Foreslått planområde er tidlegare vurdert med omsyn til fylgjande vesentlege interesser:

- Landskap
- Naturmiljø (terrestrisk, ferskvatn og marint) inkludert funksjonsområde.
- Kulturmiljø og kulturminne.
- Samfunnsmessige forhold.
- Friluftsliv.
- Transportbehov, infrastruktur og trafikk.
- Mineralressursar.
- Risikovurdering av sediment.
- Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse) inkludert risikovurdering av sediment.

I og med at planinitiativet sitt tiltaksområde er avklart i gjeldande reguleringsplan vil tidlegare vesentlege interesser i liten grad være relevante for aktuelt planinitiativ.

Ammoniakkanlegget vil vedkomme vesentlege sikkerheitsmessige interesser for tredjepart samt også for det ytre miljøet. Sjå meir utfyllande omtale om dette i neste kapitel om samfunnsikkerheit.

Vesentlege interesser som gjelder ammoniakkanlegget er:

- Avgrensning av ytre faresone / omsynssoner.
- Brann og eksplosjonsfare, akutt gassutslepp (giftig gass).
- Støy og ev. vibrasjon.
- Utslepp til luft.
- Utslepp til sjø (industrielt) og inntak av sjø.
- Anlegget må prosjekterast for stormflo.

Tidlegare registreringar og vurderingar av *vesentlege interesser* er relevante i forbindelse med ei eventuell utviding av planområdet, for å ta høgd for ytre faresone. Foreslått utviding er som tidlegare nemnt konservativ. Ei utviding av planområdet vil omfatte naturtypen Kystlynghei (med A-verdi) samt sjøareal. Planinitiativet legg ikkje opp til tiltak i eventuelt tilført / utvida areal anna enn inntak av sjøvatn.

Ut over naturtypen kystlynghei er det registrert fylgjande artar av forvaltningsverdi i influensområdet:

Lokalitet	Skildring
Kudalsvatnet	Funksjonsområde for Ål. (anadrom strekning). I tillegg: Stær, Sivspurv.
Kvernhusvatnet	Funksjonsområde for Ål. (anadrom strekning)
Storevatnet	Funksjonsområde for Ål. (Anadrom strekning). I tillegg: Storsporve, Dvergdykker, Stær, Gulspurv, Sanglerke, bergand, Vannrikse, Snadderand, Sivspurv, Fiskemåse, Vipe, Hønsehauk.
Storenesosen	Sandsvale, Makrellterne, Ærfugl, Gjøk, Teist, Lirype.
Brandangersundet	Gyteområde Torsk
Eikelifjelllet, vest på Sandøy.	Hekkelokalitet, Hubro (2017)
Skipavika	Hekkelokalitet Strandsnipe (2011)

Kilde: Artskart, naturbase.no og feltarbeid utført av Rådgivande Biologar i 2013, 2015 og i 2017. Anadrom strekning er satt i parentes då her er potensiale for anadrom fiskeproduksjon. Produksjonen er låg pga. ureining og / eller røyrlagging.

Når det gjeld kulturminneinteresser så er det gjennomført arkeologiske registreringar av plan- og tiltaksområdet i 2017, av Sogn og Fjordane / Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen. Innafor planområdet vart det registrert ein automatisk freda steinalderlokalitet, ID 232483 LokRørvika. Situasjonen for aktuelt kulturminne er avklart i gjeldande plan, i samsvar med Riksantikvaren si vurdering av planen og løyve til inngrep jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd (datert 05.02.18).

## Varsling

Offentlege instansar og andre interessentar som skal varslast ved oppstart av planarbeid vert endeleg avklart i dialog med kommunen, på oppstartsmøtet. Aktuelle kan være: Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Klima- og miljødirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning, Alver kommune, Austrheim kommune samt relevante etatar i Gulen kommune i tillegg til lokale / regionale interesseorganisasjonar og lokale vellag / grendalag.

## Samfunnsikkerheit

*(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav i)*

Det er utarbeida ei ROS-analyse i forbindelse med gjeldande reguleringsplan for Skipavika. Denne vil ligge til grunn for ROS-analyse som følger av planinitiativet, jf. § pbl. 4-3.

ROS-analyse vil dekke «beredskap og ulykkesrisiko» i forbindelse med brann- og eksplosjonsfare, og skal avklare utstrekning av omsynssoner / faresoner. Andre aktuelle tema er til dømes trafikkulykker, utrykkingskøyretøy, kraftforsyning, stormflo, overvasshandtering, transport av farleg gods og ureining.

I tillegg kjem tiltaket inn under *Forskrift om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer (storulykkeforskriften) med tilhørende krav om samtykke fra DSB*. DSBs sin rettleiar *Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer* skal leggest til grunn for vurderingen.

Som del av søknadsprosessen opp mot Direktoratet for Samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) skal det utarbeidast ei kvantitativ risikoanalyse (QRA). Denne vil vurdere og dokumentere risiko for tredjepart med omsyn til brann, eksplosjonsfare og akutt gassureining, og er eit vesentleg input til ROS-analyse som skal fylgje plansaka.


Det er den kvantitative risikoanalyse som definerer anlegget sine risikokonturar og som gjev grunnlag for å fastsette utstrekning av omsynssoner rundt anlegget. Sjå figur 7 for illustrasjon av fare- og omsynssoner og kva for aktivitet / bruk dei ulike sonene kan / ikkje kan innehalde. Stadlege tilhøve som terreng, terrengskjerming og vindtilhøve vil påverke endeleg utforming av omsynssonene.

Arbeidet med prosjektering av anlegget og søknadsprosessen opp mot DSB er satt i gang og vil skje dels parallelt med planarbeid fram mot 1. gangs innlevering. Relevant informasjon og dokumentasjon i denne prosessen, som nemnte QRA, skal være input til planarbeidet fram mot 1. gangs innlevering.

Det er tryggande at DSB har lang og god erfaring med vurdering av risikonivå og sikkerheitssituasjon pga. Yara sin produksjon av ammoniakk andre stader i Norge. Det er viktig å presisere at alle tiltak som er underlagt storulykkesforskrifta må ha samtykke frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og

beredskap (DSB) blant andre direktorat og myndigheiter, før eit ammoniakkanlegg kan realiserast etter plan- og bygningslova. Når det gjeld risiko og sårbarheit knytt til «ytre miljø» så vil dette bli utfyllande vurdert jf. Forskrift om konsekvensutgreiing.

At Gulen kommune har erfaring med og kunnskap om storulykkesverksemdar er også eit fortrinn.



Figur 7 Skjematisk oppsett samt forklaring av fare- og omsynssoner for storulykkesverksemdar

## Medverknad og samarbeid

(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav k)

Planprosessen vil fylgje plan- og bygningslova sine krav om medverknad. Det er planlagt eit folkemøte innan kort tid, som vil fokuserer på sjølve ammoniakkanlegget. Det vil bli gjennomført ytterlegare møter med naboar, grendalag og myndigheiter dersom behov i det vidare arbeidet.

Når det gjeld sjølve ammoniakkanlegget så er det eigne høyrings- / medverknadskrav som følger av Forskrift om storulykkesverksemd og Forureiningsforskrifta. Dette vert i tillegg til medverknadskrav i plan- og bygningslova.

I og med at planinitiativet omhandlar eit ammoniakkanlegg vil det være tett dialog mellom forslagsstillar, plankonsulet, prosjekteringsgruppe og aktuelle myndigheiter. For planprosessen vil det være kommune, DSB og Fylkesmannen som er dei mest aktuelle, ref. utklipp til høgre frå DSB.

## Myndighetsroller i arealplanleggingen knyttet til storulykkevirksomheter

- Kommunen:
  - Planmyndighet – plan- og bygningsloven, ROS og KU for planer
  - Samfunnssikkerhetsmyndighet – forskrift om kommunal beredskapsplikt – helhetlig ROS-analyse
- DSB:
  - Oppfølging av brann- og eksplosjonsvernloven og tilhørende forskrifter (storulykkeforskriften, farlig stoff-forskriften, eksplosivforskriften) – samtykker og tillatelser til virksomheter
  - Pådriverrolle for å forebygge ulykker i samfunnet – også overfor andre myndigheter – informasjon om virksomheter
  - Innsigelsesmyndighet etter pbl for planer som berører farlige stoffer
- Fylkesmannen
  - Samordning av arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap
  - Oppfølging av kommunenes planarbeid
  - Innsigelsesmyndighet – samordning av innsigelser



## Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing.

*(jf. forskrifta §1, andre ledd bokstav l)*

Produksjon av grøn ammoniakk er underlagt Forskrift om konsekvensutredning (ref. §6 b), og utløyer derfor automatisk utgreiingsplikt. Til informasjon vil andre planendringar som følger av planinitiativet ikkje vere utgreiingspliktige etter Forskrift om konsekvensutgreiing.

Jamfør Forskrift om konsekvensutredning § 13 skal forslagsstillar utarbeide et forslag til planprogram, som skal identifisere kva for vesentlege interesser / omsyn / tema som er viktig for miljø og samfunn, og som skal inngå i konsekvensutgreiinga. Planprogrammet vil svare på korleis kravet skal bli ivaretatt. Planprogrammet er under utarbeiding.

I og med at planområdet med influensområdet er konsekvensutgreia i fleire rundar er det nødvendig å avklare både utgreiingsnivå og kva for tema som faktisk skal konsekvensutgreiast. Det er ynskjeleg at oppstartsmøtet kan bidra til ei avklaring i så måte, og som grunnlag til vidare arbeid med planprogrammet.

**Tentativ framdrift for planarbeidet og prosessen vert utarbeida i forbindelse med utarbeiding av planprogrammet.**

## Vedlegg

*Forslag til planområde*



*Kartgrunnlag til stadsanalyse, kart 1 og kart 2. Supplerer kapitelet Planområde og omgjevnadane.*



### Tegnforklaring

- Arealtype (AR50)**
- Jordbruksareal
  - Skog
  - Snaumark / kystlynghei
  - Myr
  - Bebyggd, samferdsel og industri
  - Snøisbre
  - Ferskvann
  - Hav
  - Ikke kartlagt

- Fritidsboliger
- Fergekai
- Planinitiativ, forslag til planområde




Kart 1

Fase  
**Fase**

# TIPPETUE


ARKITEKTER AS

Tiltakshaver		Godkjent	
<b>Skipavika Næringspark AS</b>		Kontroll prosjekt.	
Sign.		Sign.	Kontroll
Prosjekt:		Filnavn	
<b>Skipavika Næringspark Sandøyna 5977 Anneland</b>		Hovedfil .pin	
Gnr./Bnr./Festnr.:		Dato	
<b>Gnr/Bnr/Festenr</b>		Dato oppr.	
Prosjektnr.:		Målestokk	
<b>Prosjektnr. A10-6</b>		<b>1:10000</b>	
Tegningsnr.:		Kontroll utferende	
A10-6		Sign.	Kontroll
Type tegning:		Prosjektnr. for prosjekterende/lev.	
<b>Kartgrunnlag til forenklet stedsanalyse</b>			



### Tegnforklaring

- Arealtype (AR50)**
- Jordbruksareal
  - Skog
  - Snaumark / kystlynghei
  - Myr
  - Bebyggd, samferdsel og industri
  - Snøisbre
  - Ferskvann
  - Hav
  - Ikke kartlagt
- Fritidsboliger
  - Fergekai
  - Planinitiativ, forslag til planområde



Kart 2

Fase  
**Fase**

# TIPPETUE

## ARKITEKTER AS

Tiltakshaver		Godkjent	
<b>Skipavika Næringspark AS</b>		Kontroll prosjekt.	
Gnr./Bnr./Festnr.:	Tegningsnr.:	Sign.	Kontroll
Gnr./Bnr./Festnr.	A10-6	Sign.	Kontroll
Prosjekt:		Filnavn	
<b>Skipavika Næringspark Sandøyne 5977 Anneland</b>		Hovedfil .pin	
Dato oppr.:		Dato	
Målestokk		Målestokk	
1:20000		Kontroll utførende	
Prosjekt nr. for prosjekterende/lev.		Prosjekt nr. for prosjekterende/lev.	
Type tegning:		Type tegning:	
Kartgrunnlag til forenklet stedsanalyse		Kartgrunnlag til forenklet stedsanalyse	

Kaland Barne- og ungdomsskule